



27.4.2012

PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** tysdag 17. april 2012,
kl. 14.15 - 16.00, seminarrom 217, HF-bygget.

Til stades:	Leiar	Anne-Brit Fenner
	IF	Tor Jan Ropeid
	AHKR	Christian Sæle
	LLE	Heming Gujord
	Studentrepresentant, IL	Randi Ødegård
	Frå administrasjonen	Silje Anette Lindgren (sekretær) Hege Ekeland for Hilde Hjertager Lund(observatør)
Ikkje møtt:	Visedekan for undervisning	Jan Oldervoll (observatør)

I	Godkjenning av innkalling og sakliste
	Éi orienteringssak blei lagt til: Orienteringssak 7: Invitasjon til seminar på Marsteinen Panorama, 23.-24. mai 2012
II	Godkjenning av protokoll frå møtet 8. mars 2012
	Protokollen blei godkjent utan merknader.
III	Orienteringssaker
	1. Møte i Studiestyret 11. april 2012 Anne-Brit Fenner orienterte. Semesterrapport for PUHF våren 2011 og semesterrapport for PUHF hausten 2011 var sett opp som orienteringssaker på møtet. Det var ingen merknader til rapportane. Følgjande saker blei behandla: Sak 3/12 Utdanningsmelding 2011 Sak 4/12 Innføringsemnet SPIK100 som erstatning for Akademisk skiving i Bachelorprogram i språk og interkulturell kommunikasjon Sak 5/12 Programsensorrapportar Sak 6/12 BA-graden ved Det humanistiske fakultet Sak 6/12 gjaldt flytting av førstesemesterstudiet ved HF. Studiestyret bestemte seg for ikkje å diskutere saka i møtet.
	2. Partnerskuleseminar på Solstrand 10. og 11. april Heming Gujord orienterte. Seminaret starta med eit fagleg innslag v/Elisabeth Norman og Bjarte Furnes, Det psykologiske fakultet. Dag 1 fungerte elles som ein møteplass for partnerskulane og tilsette ved UiB (kontaktpersonar for skulane,

Praksisutvalet og lærarutdanningsadministrasjonen). Onsdag 11. april var det større tyngde på det faglege. Koordinatorane ved partnerskulane deltok i gruppearbeid om evaluering av praksis. Under oppsummeringa kom det fram at forventningane til partnerskulesamarbeidet er sprikande.

MN har utvikla sitt eige realfagssamarbeid, og HF kan med fordel sjå til dette for å utvikle eit tettare samarbeid med partnerskulane.

3. Faglunsj måndag 16. april

Faglunsjen 16. april blei arrangert i regi av SV, og tema for lunsjen var partnerskuleprosjektet. Etter ein presentasjon av prosjektet v/ Marit Ulvik, orienterte Kjetil Børhaug om tiltaka SV har sett i gang for å styrke samarbeidet med partnerskulane.

4. Programsamling for studentane på MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO 19. april 2012

Programsamlinga for studentane på MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO 19. april måtte dessverre avlysast pga. svært få påmelde. PUHF ser på avlysinga som veldig uheldig, og beklagar spesielt overfor innleggshaldarane og dei påmelde.

I møte 17. april kom det opp forslag om at ein neste gong bør engasjere ein student frå kvart kull i arrangementskomiteen. Det kan òg vere ein idé å kombinere programsamlinga med ein fagfest, slik det har vore gjort tidlegare.

5. Forskingsdag for tilsette i lærarutdanninga ved UiB 7. juni 2012

Invitasjon til forskingsdagen 7. juni 2012 er sendt per e-post, og påmeldingsfristen er 21. mai. PUHF oppmodar tilsette i lærarutdanninga ved HF om å delta.

Forskingsdagen fell saman med fellesmøtet for programsensorane knytte til lærarutdanninga ved UiB 6. og 7. juni, og programsensorane er inviterte med på forskingsdagen. PUHF synest det er positivt at programsensorane får eit innblikk i forskinga på fakultetet dei er tilknytt, men ser på det som uheldig at programsensorane er forventa å delta på heile dagen.

6. Innspel frå matematiske institutt og styret i Norsk Matematikkråd til Rammeplanutvalet for integrert lektorutdanning, adjunktutdanning og PPU

Matematisk institutt ved NTNU, UiA, UiO, UiS, UiT, UMB og UiB har saman med Norsk Matematikkråd sendt inn eit skriv til Rammeplanutvalet for integrert lektorutdanning, adjunktutdanning og PPU. Skrivet er forfatta på bakgrunn av utkast til forskrift for nye rammeplanar, som blei lagt fram 14. februar 2012 i Oslo. Leiar for Programstyret for adjunkt- og lektorutdanning ved UiB, Kari Smith, har òg signert skrivet, i tillegg til representantar frå Studieprogramrådet for LUR ved NTNU og Programrådet for lektorprogrammet ved UiO.

7. Invitasjon til seminar på Marsteinen Panorama, 23.-24. mai 2012

Programstyret for adjunkt- og lektorutdanning inviterer til seminar på Panorama konferansehotell på Marsteinen 23. og 24. mai 2012. Temaet for

	<p>seminaret er skuleerfaring på 5. semester i integrert lektorutdanning. I tillegg til dette vil det bli sett av tid til diskusjon og planlegging av utvida praksiskrav, som ligg inne i forslaget til ny rammeplan.</p> <p>HF kan stille med éin til fire representantar frå fagmiljøa. Påmeldingsfristen er 30. april.</p>
IV	Saker
<u>S12/10</u>	<p>Opptak til PPU éin gong per år – foreløpig vedtak i Programstyret for adjunkt- og lektorutdanning</p> <p>Vedtak: PUHF reagerer på at Programstyret tilrår ei overgangsordning for opptak til PPU-studiet, der studentar kan takast opp om våren, men då må ta studiet i omvendt rekkjefølgje. Vedtaket i Programstyret er fatta på andre premisser enn dei fakulteta kom med tilbakemeldingar ut frå. Eit viktig argument for opptak éin gong per år forsvinn når ein opnar for oppstart i vårsemesteret. Eksisterande fagplanar på HF har progresjon frå første til andre semester som føresetnad, og det er derfor ikkje haldbart at studentane skal ta studiet i omvendt rekkjefølgje.</p>
<u>S12/11</u>	<p>Praksisforsøk vårsemesteret 2012</p> <p>Vedtak: PUHF reagerer sterkt på at det blir sett i gang forsøk i praksis utan at det er gitt skikkeleg informasjon om dette til alle involverte partar. Slike forsøk må også vere behandla og godkjende av relevante utval på fakulteta, og dessutan av Programstyret. I tillegg reagerer PUHF på at ein her ikkje har følgd forskriftene for evaluering av undervisningskompetansen til den individuelle student. Det betyr at studentane det gjeld berre har blitt vurderte i eitt fag.</p>
<u>S12/12</u>	<p>Undervisningsfaktor</p> <p>Vedtak: PUHF foreslår for institutta ved HF at undervisningsfaktor for skulebesøk blir auka frå 5 til 6.</p>
<u>S12/13</u>	<p>Tiltak knytt til fråfallsrapporten på integrert lektorutdanning</p> <p>Vedtak: PUHF foreslår at det blir gjennomført individuelle orienteringssamtalar med studentane på kull 11 våren 2012, før tiltaket blir evaluert. Administrativ koordinator utarbeider forslag til fordeling av orienteringssamtalane våren 2012.</p>
<u>S12/14</u>	<p>Høyring – Profesjonsetisk plattform for førskulelærarar, lærarar og leiarar i barnehage og skule (Utdanningsforbundet)</p> <p>Vedtak: Utdanningsforbundets utarbeiding av forslag til Profesjonsetisk plattform for førskulelærarar, lærarar og leiarar i barnehage og skule er eit prisverdig tiltak. PUHF meiner likevel at gjeldande forskrifter dekkjer det etiske grunnlaget for yrkesutøvinga til desse gruppene, og uttalar seg derfor ikkje om høyringsutkastet.</p>

<u>S12/15</u>	Plan for programsensor 6. og 7. juni 2012 6. juni 2012 ønsker PUHF å få til møte mellom programsensor Andreas Lund og <ul style="list-style-type: none"> • studentar på integrert lektorutdanning • fagdidaktikarar, fagkoordinatorar og instituttstyrarar ved IF og LLE • fakultetet • PUHF Det er spesielt viktig at kull 08 og kull 11 er representert på møtet med studentane. Administrativ koordinator utarbeider plan for møta. Jf. orienteringssak 5, skal programsensor Andreas Lund delta på Forskingsdagen 7. juni 2012.			
V	EVENTUELT			
		Anne-Brit Fenner		
				Silje Anette Lindgren